

A fisherman with a beard, wearing a white helmet, sunglasses, and a high-visibility yellow vest, is working on a boat. He is holding a black net. The background shows a body of water and hills under a clear sky. A large blue 'L' logo is partially visible in the top right corner.

LINGA
LAKS

BEREKRAFTSRAPPORT 20
Menneske, miljø og samfunn 23

STRATEGISK PLATTFORM

LINGA
LAKS



FØREMÅL

Me skal forsyna verda med sunn kvalitetslaks frå Vestlandsfjordane gjennom dyrehald i verds-klasse, og sikra at flinke folk kan bu på fine plassar ein er glad i.

VISJON

Ei føregangsbedrift innan berekraftig lakseproduksjon

Det er her me bur

VERDIAR

**ÆRLEG
FRAMTIDSRETTA
KVALITET**

LOVNADER

- Me skal vera best i klassen på dyrehald og levera kvalitetsfisk på eit jamt høgt nivå.
- Me skal ha høg MTB-utnytting og arbeida systematisk med forbetring og berekraftig produksjon
- Me skal ta vare på folk og fjordane
- Me skal ha stabil og god avkastning, slik at me kan utvikla oss vidare

Innhald

INNLEIING	1
SELSKAPSINFO	2
GENERELLE KRAV	4
Prinsipp for rapportering	
Vesentlegheitsanalyse	4
Aktsemdsvurdering	4
Verdikjede	5
Tidshorisont	5
GENERELLE RAPPORTERINGSKRAV	6
Påverknad for strategi og verksemdsstyring	
Grunnlag for vår berekraftsrapportering	6
Berekraftig verksemdsstyring	6
Strategi og forretningsmodellar	8
Påverknad, risiko og moglegheiter	8
Målingar og målsettingar	9
KLIMA OG MILJØ (E)	10
Klimaendringar	10
Forureining	12
Vatn og marine ressursar	12
Biodiversitet og økosystem	12
Ressursbruk og sirkulærøkonomi	13
SOSIALE FORHOLD (S)	14
Eigen arbeidsstyrke	14
Arbeidarar i verdikjeda	14
Berørte lokalsamfunn	15
Konsumentar og sluttbrukarar	15
FORRETNINGSETISKE FORHOLD (G)	16
Ansvarleg forretningspraksis	16

BEREKRAFTSRAPPORT 2023

Utgjevar: Lingalaks AS

Redaktør: Nina Møgster

Foto: Sparebank 1 SR-Bank - framside, side 1, 8, 11, 12 og 16.

Styrkmedia AS - side 15. Lingalaks AS - innside omslag, side 2 og bakside.

Grafisk utforming og produksjon: Hugskot AS | Styrkmedia AS

INNLEIING

Lingalaks sin visjon er å vera ei føregangsbedrift innan berekraftig lakseproduksjon. Dette forpliktar! Lingalaks har vore tidleg ute, og berekraftsrapport lagar me no for sjette året. Ikkje fordi me må, men fordi me ser at det å rapportera på berekraftsmål gjer at me vert betre, og at sjølve prosessen er med å setja eit viktig og riktig fokus i verksemda.

Berekraft og berekraftig utvikling omfamnar mykje, og dei fleste er i dag klar over at alt frå økonomisk lønsemd, utvikling av lokalsamfunn, openheit omkring forretningsforhold, dyrevelferd og ordna forhold for arbeidstakarar gjennom heile verdikjeda er likestilt med miljøfokus når me nyttar omgrepet berekraft. I Lingalaks er alt dette på agendaen.

I arbeidet med Lingalaks sin strategi for framtida, så vil du ikkje finna ein eigen berekraftstrategi. Vår filosofi er at å utforma ein berekraftig forretningsstrategi er vegen å gå. Berekraftsarbeid er ikkje noko som skal føregå prarallelt med selskapet si drift, men vera integrert i drifta. Det kan vera krevjande, men den einaste farbare vegen til målet.

I 2023 hadde me ein tilbakegang på ein del biologiske parametarar, og dermed også berekraftsparametarar. Dette viser den tydelege koplinga mellom berekraft og selskapet sin produksjon, altså god produksjon er god berekraft. Årsaka til tilbakegangen handlar om at ein større del av produksjonen har føregått i eit område som over tid har vore meir krevjande enn det som var tilfelle i 2022. Det er derfor veldig kjekt å sjå at me viser framgang jamfør 2021, som har eit meir samanliknbart utgangspunkt.

I årets berekraftsrapport gjer me endringar som beveger seg i retning mot nytt rapporteringsregelverk som trer i kraft frå 2025. Me ser at fokuset me har hatt dei siste åra gjer at me er i god posisjon til å imøtekoma nytt regelverk, samstundes får me òg sett fokus på område der me må jobba meir med gode talgrunnlag, og ikkje minst gode handlingsplanar, for å verta betre.

For hugs, det nye regelverket for berekraftsrapportering skal ikkje verta ein verdsmeisterskap i rapportering. Det skal hjelpa oss alle til å ta betre val, både i eigen produksjon og å velja å samarbeida med kundar og leverandørar som lever opp til dei verdiane og standardane ein sjølv set.

Helsing Nina Møgster

Dagleg leiar i Lingalaks



KVA ER STATUS FOR LINGALAKS?


2,85

KG CO2 EKVIVALENT per kilo produsert fisk
(2021: 2,93, 2022: 2,42).

7,0

ØKONOMISK BEREKRAFT årsresultat (etter skatt)
per kilo produsert fisk (2021: 4,40 NOK, 2022: 15,9 NOK).

SELSKAPSINFO



Lingalaks har sidan oppstarten for snart 50 år sidan vore ein av pionerane i den norske laksenæringa. Me skal forsyna verda med sunn kvalitetslaks frå Vestlandsfjordane gjennom dyrehald i verdensklasse, og sikra at flinke folk kan bu på fine plassar ein er glad i. Me skal vera ei føregangsbedrift innan berekraftig lakseproduksjon.

Lingalaks er 100% eigd av Haugarvoll AS. Selskapet har totalt 16 lokalitetar fordelte i Hardanger, Nordhordland, Sunnhordland og Karmøy. Lingalaks eig visningscenteret Lingalaks Akvasenter med to avdelingar, Hardanger Akvasenter og Nordhordland Akvasenter. Me har eige rederi; Linga Service AS og fleire felles verksemder saman med dei lokale lakseoppdrettselskapa Tombre Fiskean-

legg, Eide Fjordbruk, Eidesvik Laks og Fylkesnes Fisk, deriblant Ænes Inkubator og Hardanger Seafood. Hovudkontoret er i Norheimsund i Kvam herad.

I 2023 selde me 10 807 tonn laks. I 2023 gjekk det meste av produksjonen til eksport gjennom eksportøren Sjør. I hovudskap har selskapet levert fersk laks til Europa. Innanlands sal vart handtert av Bravo.

Om Lingalaks

- 100% eigd av Haugarvoll AS
- 9 konsesjonar og 2 visningskonsesjonar fordelt på 16 lokalitetar
- Produserer rundt 14.000 tonn laks i året
- Sysselsette 70 personar i 2023
- Hovudkontoret ligg i Norheimsund



Samfunnsoppgåva vår er å skapa og utvikla bedrifter, til berekraftig utvikling for enkeltmenneske, samfunnet og havet. Slik skal me setja positive avtrykk for framtida.

HAUGARVOLL AS

Fig 2 Selskaphistorie


Lingalaks i korte trekk:

1979:
Oppstart av
Lingalaks AS

Sette ut
5.000 fisk

1980:
Starta med eiga slaking

Menneske, miljø og samfunn 2



GENERELLE KRAV

Prinsipp for rapportering

Vesentlegheitsanalyse

I 2023 gjennomførte me ei intern vesentlegheitsanalyse for å vurdere og prioritere område me kan påverka mest. Analysen har henta inspirasjon frå Global Reporting Initiative 13 (GRI 13)¹, temaoverskrifter.

Det vart inkludert tre overordna spørsmål i undersøkinga i tillegg til dei detaljerte GRI temaoverskriftene:

- Kva tema meiner du er viktig for berekraftig utvikling av Lingalaks?
- Kva oppfatar du er hovudfremålet med berekraftsarbeidet til Lingalaks?
- Kor viktig meiner du berekraftsarbeidet er for vidareutvikling av Lingalaks som selskap?

40 personar frå selskapet svarte på undersøkinga.

Følgjande tema vart vurderte som vesentlege i selskapet:

- Å sørge for dei tilsette sitt ve og vel (HMS).
- Å sørge for god helse og velferd for laksen og rensfisken.
- Berekraft i fôr og råvarer.

DOBBEL VESENTLEGHEITSANALYSE

Fram mot neste års berekraftsrapport vil me involvere fleire av interessentane våre i ei grundigare dobbel vesentlegheitsanalyse. Føremålet er å finna svar på kva berekraftsområde som er mest relevante for oss, slik at me kan gjere riktige prioriteringar utifrå eit strategi- og styringsperspektiv. Me ynskjer å få eit meir heilskapleg perspektiv. Ulike funksjonar i selskapet skal involverast, særleg innan økonomi, risiko, strategi og linjeansvarlege for fag og drift, der me forankrar berekraft som ein del av strategiarbeidet vårt. Ved å sjå på både vår påverknad på miljø og samfunn rundt oss,

og korleis berekraft kan påverke vårt selskap finansielt, kan me meir effektivt gjere vurderingar og rapportera på vårt overordna berekraftsarbeid og eksponering av risiko.

Både potensielle moglegheiter (oppside) og risikoar (nedsida) skal synleggjerast for heile selskapet for å sikra brei eigarskap og forankring til berekraft i verksemda. Dette vil òg skapa tillit frå våre interessentar om ein ærleg prosess.


Aktsemdsvurdering

Gjennom aktsemdsvurdering skal verksemdar kartleggja, førebyggja, gjere greie for og følgja opp korleis dei handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar av si verksemd.

Gjennom vårt arbeid med openheitslova, forsøker me å sjå til at våre relasjonar i verdikjeda overheld våre strenge krav til etiske retningslinjer. Arbeidet vårt byggjer på OECD sin rettleiar for aktsemdsvurderingar for ansvarleg næringsliv².

Korleis me heilt konkret har jobba med aktsemdsvurderingar er beskrive i avsnittet «Arbeidarar i verdikjeda».

Fig 4 OECD sin prosess for aktsemdsvurderingar



NOTE
 1. <https://www.globalreporting.org/standards/standards-development/sector-standard-for-agriculture-aquaculture-and-fishing/>
 2. https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/blogs.dir/263/files/2019/09/201904_OECD_DDveileder_netffil.pdf

Fig 3 Lokaliteter

Verdikjede




Fig 5 Lingalaks si verdikjede

Tidshorisont

I samsvar med openheitslova er Lingalaks allereie pålagt å gjera greie for aktsemdsvurderingar. For rekneskapsåret 2025, vert me også pliktige å rapportera på berekraft etter EU sitt nye direktiv om berekraftsrapportering (CSRD). Berekraftsrapportar i samsvar med CSRD skal svara ut ei rekkje rapporteringsstandardar (ESRS), som er grupperte under mellom anna emna Klima og miljø, Sosiale forhold og Forretningsetiske forhold (ESG).

Fram mot 2026 vil me kontinuerleg utvikla berekraftsrapporteringa vår, slik at me rustar oss for å møta dei nye krava som kjem. Berekraftsrapporten for 2023 er strukturert i samsvar med CSRD, og svarar ut dei ESRS-standardane me har føresetnad for å seia noko om på noverande tidspunkt. Me har ikkje gjennomført ei dobbel vesentlegheitsanalyse, men støttar oss på vesentlegheitsanalysen som vart gjennomført i 2023. Rapporten vil verta publisert på selskapet si heimeside.

I arbeidet med rapporten for 2024 tek me også sikte på å ha gjennomført ei dobbelt vesentlegheitsanalyse. Rapporten for

Bærekraftsforkortingar

CSRD: Corporate Sustainability Reporting Directive

ESRS: European Sustainability Reporting Standards

ESG:

E: Klima og miljø (Environmental)

S: Sosiale forhold (Social)

G: Forretningsetiske forhold (Governance)

2024 vil verta lagt ved årsmeldinga, men den vil ikkje verta revidert. Rapporten for 2025 skal vera fullstendig i tråd med CSRD; den vil verta inkludert i styret si årsmelding, og den skal også reviderast og attesterast av revisor.

1984:
Oppstart av lokalitet nr. 2

1987:
Oppstart av slakteri (HAFI)

GENERELLE RAPPORTERINGSKRAV

Påverknad for strategi og verksemdsstyring

Grunnlag for vår berekraftsrapportering

Vårt berekraftsarbeid skal ha retning og tydelig innhald, og skal reflektera at me har ein berekraftig strategi for heile verksemda. Gjennom kvantifiserbar datafangst og definerte målepunkt skal me seifa status og ha eit kunnskapsbasert slutningsgrunnlag for å styrka vår berekraft.

2023 er det sjette året Lingalaks rapporterer på berekraft. Rapporten vår er utarbeidd internt i selskapet og skal svara ut kor berekraftig me er i dag, og identifisera vesentlege område der me kan forsterka innsatsen framover for å redusera eige klima- og

miljøavtrykk. Til analysering av klimarekneskopen har me henta inn bistand frå BioMar, ei ekstern uavhengig verksemd, for å sikra eit etterretteleg arbeid med talmaterialet vårt som òg kan samanliknast med historiske data.

Me ynskjer at våre kundar, samarbeidspartnarar og andre interessentar gjennom denne rapporten får ei objektiv innføring i kor berekraftig Lingalaks er utifrå dei faktorane me kjenner i dag, og kor me ynskjer å vera i framtida.

Berekraftig verksemdsstyring

LEIINGSSYSTEM FOR KVALITET

Oppdrettsnæringa er sterkt regulert av ei rekkje myndigheitskrav, og møter klare forventningar frå kundar og andre interessentar. For å sikra ei verksemdsstyring i samsvar med desse reguleringane, er det vesentleg at me har eit velfungerande og operativt internkontrollsystem der dokumentasjon og sporbarheit for alle arbeidsprosessar kan etterprøvast, og der interne revisjonar og systematisk avviksbehandling er eit viktig bidrag til kontinuerleg forbetring.

Lingalaks har investert i digitale løysingar som sikrar effektiv deling av registreringar og informasjon på tvers av alle nivå i selskapet, frå leiing og ut til merdkanten. Arbeidsprosedyrar og sjekklister definerer einsarta og god praksis for utføring av arbeidsopera-

sjonar, og alle medarbeidarar skal ha dokumentert oppløring for å kunne utføra sjølvstendig arbeid hjå oss.

Me ynskjer å vera ei ærleg verksemd i samsvar med anerkjende bransjestandardar, og ser verdi i å sertifisera vår drift gjennom uavhengige 3-partsvurderingar:

Me har sidan 2015 vore GLOBALG.A.P.-sertifisert på alle lokalitetar. Sidan 2019 er i tillegg ein av våre lokalitetar ASC-sertifisert.

GLOBALG.A.P.



ØKONOMI

Den økonomiske pilaren er moglegvis den mest kjende, men òg den viktigaste pilaren i berekraftmodellen. Finansielle musklar er ein føresetnad for å levera på dei strategiske utfordringane knytt til miljø og samfunn.

Lingalaks og eigarselskapet, Haugarvoll AS, har over år systematisk reinvestert i annan aktivitet i næringa; slakteri, rederi, smoltanlegg og fjellaureoppdrett, i eigen region. Dette aukar igjen sysselsetjinga og verdiskapinga i næringa og i regionen.

Lingalaks hadde ved årsskiftet ein bokført eigenkapital på 650 mill. NOK av ein totalbalanse på 1 462 mill. NOK. Omsetnaden i 2023 var 959 mill. NOK (1 080 mill. i 2022). Driftsresultatet var positivt med 200 mill. NOK (318 mill. NOK i 2022). Nedgang i driftsresultat skuldast lågare slaktevolum og høgare dødelegheit enn året før.

STRATEGI FOR INNKJØP

Lingalaks har eit sterkt fokus på å sikra etiske, transparente og sporbare prosessar og har berekraftig drift nedfelt i overordna strategiar. Dette gjeld òg for alle innkjøp.

Selskapet skal sikra at innsatsfaktorane i produksjonen held nødvendig kvalitet for å sikra ein sunn og frisk fisk med god tilvekst og overleving: Best mogleg velferd og kvalitet på fisken som samstundes medfører minst mogleg miljøbelastning.

Selskapet har eit langsiktig perspektiv på forhold relaterte til val av utstyr og materiale, levetid på utstyr, forbruk og utslepp. Dette påverkar driftsoperasjonar, som kontinuerleg vert justerte for å etterleva endringar frå styresmaktene, storsamfunnet, og marknadskreftene.

LINGALAKS SINE UTVALDE BEREKRAFTSMÅL

Me driv verksemda vår i ei internasjonal ramme. Dei 17 berekraftsmåla til FN³ konkretiserer kva me må lukkast med i arbeidet for å skapa eit berekraftig produkt.

Å integrera berekraft i kjernen av korleis me arbeider er ikkje berre viktig for produksjon av laks, det handlar òg om korleis me styrer og innrettar oss innanfor områda berekraft, økonomi, miljø og sosiale forhold.



Fig 6 Lingalaks fokuserer på FN sine berekraftsmål 5, 12, 14 og 17.

Me har prioritert følgjande av berekraftsmåla til FN som særleg relevante for oss, fordi dei er tettast knytte til kjerneverksemda vår og gjeld område der innsatsen vår vil kunna få størst positiv effekt:

5 - Likestilling mellom kjønna

Likestilling handlar om ei rettferdig fordeling av makt, innflytelse og ressursar. Likestilling, mangfald og inkludering er viktig for Lingalaks. Dei siste åra har me mellom anna hatt ekstra merksemd på å få inn fleire yngre medarbeidarar, og å tilsetja fleire kvinner i selskapet. Me har hatt fleire lærlingar og kvinne delen har auka, inkludert fleire kvinner i toppleiinga. Me er tilstades på utdanningsmesser og inviterer lokale barne- og ungdomsskular til besøk på visningsentra våre.

12 - Ansvarleg forbruk og produksjon

Berekraftig forbruk og produksjon handlar om å gjera meir med mindre ressursar. Me vil bidra til å oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av ressursar. Me vil redusera avfallsmengda og

NOTE

3. <https://fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>

Fakta FNs berekraftsmål

- Berekraftig utvikling handlar om å «ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggja framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekkja sine» (Definert av Brundtlandkommissjonen, 1987).
- FNs 17 berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.
- Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: Klima og miljø, Økonomi og Sosiale forhold.
- Eit av hovudprinsippa er at ingen skal verta utelatne (Leaving no one behind).

minimera bruk av kjemikalier gjennom førebygging, reduksjon, gjenvinning og ombruk, og stimulera leverandørar til å innføra berekraftige arbeidsmetodar. Me vil òg fremja berekraftige ordningar ved innkjøp.


14 - Livet i havet

Livet i havet handlar om å utnytta ressursane i havet på ein langsiktig og haldbar måte. Me deltar i ulike forskingssamarbeid for å forstå kompleksiteten i det marine økosystemet. Me er medarrangør av plastryddedagen i Hardanger. Me vurderer miljøbelastninga vår og tilpassar verksemda slik at me bidreg til å styrkja havet som grunnlag for matproduksjon og anna næringsverksemd.

17 - Samarbeid for å nå måla

For å lukkast med berekraftsmåla trengs det samarbeid internt i selskapet, i næringa og på tvers av sektorar og over landegrensar. Me vil stimulera til og fremja samarbeid for meir kunnskap om berekraft og styrkja verkemidla som trengs for å gjennomføra arbeidet.

1993:
Første oppkjøp



Strategi og forretningsmodellar

Det siste året har selskapet jobba med å tydeleggjera retning og strategi. Det er i dette arbeidet utarbeidd ei ny og oppdatert strategisk plattform, med visjon, føremål, lovnadar og verdiar for selskapet, som du finn i figur 1.

Lingalaks sin visjon er å vera *Ei føregangsbedrift innan berekraftig lakseproduksjon*. Dette er ein forpliktande visjon som understrekar selskapet sin ambisjon om å vera med å setja preg på berekraftig utvikling for bransjen.

Føremålet til selskapet er å *forsyna verda med sunn kvalitetslaks frå Vestlandsfjordane, gjennom dyrehald i verdensklasse og sikra at flinke folk kan bu på fine plassar ein er glad i*.

Uifrå dette har selskapet utarbeidd fire lovnadar der hovudmomenta er god dyrevelferd og kvalitet i arbeidet, utnytting av ressursar og berekraftig produksjon, ta vare på folk og fjordane og stabil god økonomisk avkastning for å kunne utvikla oss vidare.

Alt dette er forankra i verdiane til selskapet som har lagt fast gjennom mange år:

**ÆRLEG
FRAMTIDSRETTA
KVALITET**

Påverknad, risiko og moglegheiter

Lingalaks har ei risikobasert tilnærming til eiga drift, der alle viktige arbeidsprosessar og kritiske produksjonspunkt vert risikostyrt for å identifisera målretta tiltak som kan hindra skade på menneske og produksjon, og samtidig minimera negativ påverknad til natur og miljø.

Det ligg i vår strategi å tenkja framtidretta, og me har høgt fokus på å skapa moglegheiter og handlingsrom til å satsa på ny teknologi, digitalisering og innovasjon, der me ynskjer å investera i gode og berekraftige løysingar for framtida.

Målingar og målsettingar

NØKKELTAL 2023

10 800 Tonn biomasse slakta (2022: 13 850 tonn)	1,17 Biologisk fôrfaktor (2022: 1,12)	68 % Superior kvalitet (2022: 84 %)	16 215 Tonn fôrforbruk (2022: 18 200 tonn)
9,97 % Årleg dødelegheit (2022: 5,67 %)	0,09 Lakselus (2022: 0,07)	0 Rømming (2022: 0 rømming)	
70 Tilsette (2022: 69 tilsette)	3 Kvinner i leiinga (2022: 3 kvinner i leiinga)	4,9 % Sjukefråvær (2022: 4,5 %)	3 Personskadar med fråvær (2022: 3 personskadar med fråvær)

VEGEN FRAMOVER

Lingalaks er i innspurten med å utarbeida ein strategi for perioden hausten 2024–hausten 2028. Denne vil gje tydeleg retning for alt arbeidet som gjerast i selskapet, med tydelege og ambisiøse

mål innanfor både klima og miljø, sosiale forhold og økonomi. Målsettingar og prioriteringar vil vere knytte opp mot lovnadar i den strategiske plattformen. Nokre fokusområde vil vera:

Fôrstrategi med fokus på råvarer og effektivitet i fôring.

Redusera miljøavtrykket vårt frå produksjonen.

Utvikla ei berekraftig leverandørkjede.

2007:
Første visningsløyve

2008:
Kjøpte firma på Radøy grunna sonering i Hardanger

KLIMA OG MILJØ (E)



Klimaendringar

MILJØ

Klimavennleg oppdrettselskap


Lingalaks har som eit prinsipp å etterlata eit minst mogleg karbonfotavtrykk frå verksemda vår. Sjølv om laks er ein av dei mest berekraftige måtane å produsera mat på, kjem det stadig ny kunnskap som utfordrar metodene me brukar i dag. Betre er alltid mogleg, difor søker me heile tida betre løysingar på utfordringane me står overfor. Enten på eiga hand eller i samarbeid med andre.

Sidan 2018 har Lingalaks vurdert karbonfotavtrykket frå eigen produksjon, sjå figur 7. Analysane er gjort ved hjelp av ein livsløpsanalyse (Life Cycle Assessment, LCA). Dette er eit verktøy som vert brukt for å visualisera kva påverknadar forskjellige produkt kan ha på natur og miljø, og kor og korleis ein kan redusera miljøpåverknadane frå produkta.

Å uttrykkja fotavtrykket i CO₂-ekvivalen- tar er i dag etablert over heile verda som ei kjend eining som tek opp i seg mange og til dels samansette forhold. Når dette vert presentert som eit aggregert tal, bidreg dette til å bryta ned kompleksiteten, og auka forståinga av indikatorar og avstanden til tolegrensar. Status for karbonfotavtrykket til ei bedrift er ei god kjelde til å sjå samanhengar og kunna samanlikne miljøprestasjonen frå år til år.

- Fôr til smolt (0,13)
- Andre innsatsfaktorar smolt (0,06)
- Fôr til laks (2,35)
- Andre innsatsfaktorar laks (0,31)

Fig 7 Kilo CO₂-ekvivalen- tar per kilo fisk produsert.



Analysen inkluderer både direkte og indirekte utslipp av klimagassar når ein produserer laks. I 2022-rapporteringa vart smoltproduksjonen for første gong inkludert i analysen.

Karbonfotavtrykket til Lingalaks for produksjon av eit kilo slakteklar laks i 2023 er 2,85 kg CO₂-ekvivalen- tar. Dette er ein auke på 12 % samanlikna med 2022-produksjonen. Auken er hovudsakleg knytt

til biologiske prestasjonar, og då særleg ein oppgang i økonomisk fôrfaktor frå 1,23 i 2022 til 1,37 i 2023.

I tillegg til dette har ein frå 2023 fått innhenta betre data frå produksjonen som skjer i dotterselskap og andre tilknytta selskap. Det reelle dieselforbruket her er høgare enn estimerte tal som tidlegare er nytta.

LCA ANALYSE

- LCA, forkortinga for Life Cycle Assessment, er ei metode for å skapa eit heilheitsbilde av kor stor den totale miljøpåverknaden er under eit produkt sin livssyklus frå råvareutvinning, via produksjonsprosessar og bruk, til avfallshandtering, inklusiv all transport og all energibruk i mellomledda.
- Det er nytta datamateriale frå verksemda og verksemda sine leverandørar.
- Kartlegging indikerer kvar ein skal setja inn ressursar for å betra prosessane, støtta retningslinjer og gje eit grunnlag til beslutningar.
- Analyse er utarbeidd av berekraftsavdelinga til BioMar AS, og baserer seg på LCIA (Life Cycle Impact Assessment) utrekningsmetode EF 3.0 (EU PEF).



Utnyttning av fôr og ressursar

Fôret står for det største bidraget til klimaavtrykket som vist i figur 8 til høgre. Me har valt å dela opp klimaavtrykket i fôr og andre innsatsfaktorar. Andre innsatsfaktorar inneheld hovudsakleg energiforbruk, då i diesel og elektrisitet, samt kjemikalieforbruk.

I 2023 hadde me ein samla biologisk fôrfaktor på slakta fisk på 1,17 og ein økonomisk fôrfaktor på 1,37. Dette er ein oppgang frå året før. Me jobbar aktivt med å utnytte fôret optimalt, med eigne fôringskriteriar og dedikerte folk som styrer og overvåkar fôringa gjennom hele fôringsdagen. Eit godt fôr kombinert med gode lokalitetar og god fôringsoppfølging gjev gode føresetnader til å oppnå god vekst og fôrutnytting på fisken.

Lingalaks er medlem i Salmon Group, eit innkjøpssamarbeid som mellom anna er ein pådrivar for å utvikla berekraftig fôr. Dei viktigaste momenta i dette arbeidet er å styrka fisken for å oppnå god helse og høg overleving, råvarer med lågt klimaavtrykk, med bla krav til at store deler av marine råvarer skal koma frå avskjer, og krav til reinsing for å sikra at vi tilbyr eit reint og sunt produkt for sluttbrukar.

Smolt

I dei første stadia av livet vert laks oppdretta i ferskvassanlegg på land. Fisken vert flytta til sjøen når den har gjennomgått smoltifiseringsprosessen og er fysiologisk klar for eit liv i saltvatn.




Fig 8 Prosentvis fordeling av karbonrekneskapen.

Karbonfotavtrykket frå smoltproduksjonen, utgjer omlag 6,5% av den totale karbonrekneskapen til Lingalaks i 2023.

På Ænes i Kvinnherad har Lingalaks saman med Eide Fjordbruk og Tombre Fiskanlegg AS bygd eit av dei største landbaserte smoltanlegga i regionen, med produksjonsvolum på 3 000 tonn smolt per år. Anlegget vil gje samfunnsmessige positive ringverknadar, både gjennom viktige arbeidsplassar, men særleg gjennom betre fiskevelferd ved å levera stor smolt. Større smolt reduserar produksjonstida i sjø, med mindre behov for avlusing og mindre sjukdom.

I 2012 var gjennomsnittsvakta på laks som vart sett ut i sjøanlegg 135 gram. I 2023 var vakta 210 gram. Strategien til Lingalaks for stor smolt er at fisken skal få veksa over lengre tid på land og/eller i lukka anlegg i sjøen.

Våre tiltak for å redusera karbonavtrykk:

- Fokus på klimanøytrale fôringsrediensar.
- Lav dødelegheit/auka fôr-effektivitet.
- Fokus på god avfallshandtering.
- Berekraft i leverandørkjeda.
- Elektrifisering av verdikjeda vår gjennom etablering av landstraum til fleire lokalitetar i sjøen, samt overgang til hybride eller heilelektriske fôrflåtar og båtar.

Forureining

MILJØUNDERSØKINGAR

Lingalaks gjennomfører regelmessige undersøkingar av sjøbotnen for å trend-overvaka mogleg påverknad av produksjon på miljøet. Undersøkingane vert gjort i medhald av NS 9410:2016 både i anleggssona (B-gransking) og i overgangssona (C-gransking). Dette vert utført av akkrediterte uavhengige selskap, og resultat vert rapporterte til Fiskeridirektoratet. Miljøtilstanden vert vurdert på grunnlag av fauna, kjemiske tilhøve, lukt og utsjånaden til botnmateriale. Klassifiseringa skjer etter ein skala frå 1 (svært god) til 4 (svært dårleg). Frekvensen for prøvetaking vert bestemt ut frå tilstanden på lokaliteten. Alle lokalitetane til Lingalaks som vart undersøkt i 2023 vart klassifiserte som god eller svært god.

Kjemikalieforbruk

Lingalaks fører forbruk av kjemikalier, olje-produkt og impregnering, for å sikra god kontroll av forbruk på tvers i selskapet, og for å sikra eit best mogeleg bilete av




Fig 9 Resultat av miljøundersøkingar.

kjemikaliebruka knytta til produksjon av vår fisk. Gjennom systematisk vurdering av substitusjon vert også miljøaspektet kartlagt.

Lingalaks har som mål å elektrifisera alle anlegg, for å redusera bruk av fossilt brensel, og det planleggast no for den siste lokaliteten for å nå målet.

Vatn og marine ressursar

Lingalaks har fokus på å leggja til rette for at framtidige generasjonar også skal kunna bruka fjorden, slik me gjer. Oppdrettet skal ikkje medføra for stor belastning på verken fjorden eller folket. Alt vert målt i berekraft, og det ligg til grunn for alt me gjer.



Biodiversitet og økosystem

PÅVERKNAD PÅ VILLFISK OG ØKOSYSTEM

Produksjonsområdeforskrifta, også kalla Trafikklyssystemet, vart innført i 2017 for å sørga for føreseiele og berekraftig vekst i havbruksnæringa. Berekraftsindikatoren er lusepåverknad frå havbruksanlegg på utvandrande laksefisk. Produksjonsom-

råda som Lingalaks opererer i, PO3 og PO4, har raudt trafikklys, som betyr nedtrekk av produksjonskapasitet i området. Lingalaks klarte i 2023 unntakskravet på samtlege lokalitetar ved å klara eit lusenivå på under 0,1 kjønnsmodne lus

i perioden veke 13 til 39. På bakgrunn av dette har selskapet fått skjerming frå nedjustering av kapasitet, og moglegheit til å kjøpa vekst.

FISKEHELSE OG FISKEVELFERD

Fiskehelse og fiskevelferd er ein av dei viktigaste faktorane for god og berekraftig produksjon. Me har kompetente tilsette som overvakar fisken kvar dag frå merdkanten, via kamera og ved hjelp av ulike velferdsindikatorar. Me tek prøvar regelmessig for å avdekka og/eller uteslukka sjukdom. I tillegg har me besøk av fiskehelsepersonale frå ekstern fiskehelse-teneste minst ein gong i månaden for å sjekka helsestatus og gje råd. Målet med dette er å avdekka nedsett velferd tidleg, slik at rette tiltak kan iverksetjast for å gjenoppretta god velferd.

Me arbeider kontinuerleg med å førebyggja sjukdom, ifrå å setja ut robust smolt som taklar utfordringane i sjøen,

til å halda låge lusnivå utan behov for behandling. Må me behandla, tilpassar me behandlingmetodane etter helsestatus og årstid, saman med erfaringane me har. Behandlingsmetodane er i all hovudsak ikkje-medikamentelle, med maks ei medikamentell behandling per fisk.

I 2023 fekk me ein mistanke om meldepiktig sjukdom, ILA (Infeksiøs lakseanemi). Grunna rask påvising og tidleg utslakt vart mistanken aldri bekrefta, og risiko for smittespreiing redusert.

Rensefisk er eit viktig førebyggjande tiltak mot lakselus. Helse og velferda til rensefisken er like viktig som for laksen. Me arbeider kontinuerleg med å forbetra dette,

med tett overvaking frå både dristsoperatørar og fiskehelsepersonell.

I 2024 er fokuset å etablere ei systematisk overvaking av velferdsindikatorar. Lingalaks har i fleire år registrert velferdsindikatorar systematisk, og ved å setja dette i eit samla system kan me forbetra overvakinga og iverksetja målretta tiltak på eit endå tidlegare tidspunkt.




Fig 10 Medan produksjon i sjø har gjennomsnittsdødelegheit for heile landet på 16,7 %, og med verdiar på 25,5 % i PO3 og 19 % i PO4, ligg Lingalaks i underkant av 10 % i 2023.

Ressursbruk og sirkulærøkonomi

Gjenbruk, gjenvinning, reparasjon og energisparing er viktige prinsipp i Lingalaks. Teknisk utstyr vert vedlikehalde for å ivareta lang levetid. Det er fokus på kjemikalier og forbruk. Kjeldesortering og resirkulering av plast, tau, nøter, luseskjørt, og andre avfallsfraksjonar frå

drifta vert ivaretatt, og vidareforedla av etablerte aktørar i bransjen.

Biologiske materiale, i form av ensilasje frå alle lokalitetar og slam frå ein lokalitet, resirkulerast i samarbeid med aktørar som òg har sirkulære løysingar i fokus.

Med mål om å produsere minst mogleg avfall, og gjenbruka og gjenvinna der det er mogleg, er blant anna levetidsforlenging av flytekragar i fokus. Best mogleg bruk av ressursane våre, vil vera lønsamt både miljømessig og økonomisk.

SOSIALE FORHOLD (S)



Eigen arbeidsstyrke

ARBEIDSPLASSEN

For å sikra berekraftig produksjon av mat, både i dag og i framtida, er folka som produserer maten den aller viktigaste ressursen.

Lingalaks legg stor vekt på arbeidsmiljøet og dei tilsette si helse, velferd og utvikling. Verksemda har etablert gode ordningar for dei tilsette som tek hand om behov innanfor personalområdet,

kompetanseheving og involvering. Det vert arrangert ei rekkje sosiale aktivitetar for dei tilsette gjennom året.

I 2023 utgjorde sjukefråværet 4,9 %, som er ein oppgang frå 2022 (4,5 %). Me vil fortsetja arbeidet med å redusere talet sjukedagar. I 2023 hadde selskapet tre arbeidsulukker som førte til sjukefråvær, blant dei ein alvorleg klemskade.

Likestilling

I 2023 hadde Lingalaks 70 tilsette, av desse 10 sommarvikarar og 6 lærlingar. Selskapet arbeider målretta med å utjamna kjønnsbalansen, der fordelinga i 2022 er 19 kvinner og 51 menn (ein auke med 1 kvinne frå 2021). Dagleg leiar og 2 andre medlemmer i leiarteamet er kvinner.

Arbeidarar i verdikjeda

Ny lov om openheit tok til å gjelda 1. juli 2022. Lova skal fremja respekten verksemda har for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold, samt å sikra interessantar tilgang på informasjon.

Lingalaks dokumenterer at me oppfyller vilkåra i openheitslova mellom anna gjennom årleg rekneskapsrevisjon og leiande internasjonale sertifiseringsstandardar for bransjen vår. Me er sertifiserte gjennom The Global Partnership for Good Agricultural Practice (GLOBALG.A.P.) og har lokalitet som er Aquaculture Stewardship Council (ASC) sertifisert. Begge stiller krav til sosiale forhold i medhald av nasjonale lover og kjernekonvensjonane til ILO for sømelege arbeidsforhold. GLOBALG.A.P. har ei heilskapleg tilnærming på mattryggleik, miljøvern, fiskehelse og -velferd, og HMS. ASC vektlegg berekraftig matproduksjon, som stiller ytterlegare krav til miljø, sosiale forhold for arbeidarar og til dyrevelferda.

Me ønsker å sikra at tilsette hos våre leverandørar har ryddige arbeidsavtalar, dokumentert lønn, organisasjonsfridom, at arbeidstidsbestemmingar vert overhaldne og at dei tilsette si helse og tryggleik vert ivaretatt. I 2023 har me tatt gode steg mot å arbeida strukturert for å sikra ei ansvarleg og berekraftig leverandørkjede:

- Alle våre leverandørar er risikovurdert med omsyn til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, for å sikra at våre standardar vert overhaldne.
- Leverandørvurderingane er gjennomført gjennom bakgrunnsjekkar, eigenvalueringar og sertifiseringar.
- Leverandørane med høgast risiko for brot på menneskerettane og anstendige arbeidsforhold er følgt tettare opp gjennom tilleggsundersøkingar.

Full utgreiing av arbeidet er tilgjengeleg på www.lingalaks.no

I 2024 vil dette arbeidet verta vidareutvikla, og målet er at me ved utgangen av 2024 vurderer eventuelle nye leverandørar fortløpande, som ein del av prosessen med å velja kva leverandør me skal nytta. Eksisterande leverandørar vil verta vurderte gjennom årleg revisjon.

Dersom me avdekkar feil, manglar eller brot på lover, reglar og vår etiske standard for leverandørar, skal me ikkje nødvendigvis direkte kutte alle band til leverandøren. Dersom me har påverknadskraft og innflytelse på leverandøren, skal me gå i dialog med denne og sørge for at forholda vert retta opp eller forbetra innan ei viss tid.

Berørte lokalsamfunn

SAMARBEID GJEV STYRKE

Lingalaks har ei aktiv tilnærming til lokalsamfunnet og miljøet i fjorden og regionen, det er her me bur. Difor engasjerar me oss tungt i ulike forskings- og miljøprosjekt, og er ein aktiv bidragsytar i ulike fora. Grunnhaldninga vår er å fremja dialog og samarbeid som verkøy for utviklinga av lokalsamfunnet og fellesskapet me er ein del av, og nyt godt av. Me har som leveregel å velja lokale leverandørar og samarbeidspartnarar når det er mogleg.

Me engasjerar oss tungt i ulike miljøfremjande fora for samarbeid: Oppdrettsnæringsens sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk (OURO), Miljøovervaking Hordaland (MOH), Stiftelsen Norsk Villaksforvaltning og Salmon Tracking Hardangerfjorden. Me er òg aktive deltakarar i prosjektet «Frå raudt til grønt» i regi av Havforskningsinstituttet.

Skal me auka produksjonen av laks i Hardangerfjorden, trur me løysinga ligg i å ta

i bruk lukka annlegg i sjøen. For å prøva å vera i forkant av utviklinga har me gjennom tett samarbeid med leiande forskings- og teknologimiljø utvikla Stadionlaks (www.stadionlaks.no), eit lukka anleggssystem produsert på banebrytande vis. Prosjektet vil venteleg vera klart til investeringsbeslutning i løpet av hausten 2024.

Me har god kontakt med styresmaktene, kommunane og lokalpolitikarane, og prøver etter beste evne å bidra til vekst og utvikling både lokalt og regionalt. Likeins strekkjer me oss langt for å vera tilgjengelege og opne for media og andre interessentar. Verdiane til Lingalaks; ærleg, framtidretta og kvalitet, er integre verdier i alt me driv med.

I 2023 arrangerte me Fjordtinget for tredje gong, saman med Bergen Næringsråd. Fjordtinget er ein årleg konferanse i Øystese, Kvam, som samlar næringsliv, politikar og samfunnsaktørar frå regionen og Bergen, der målet er å skapa ein

møtestad som samlar byen og regionen endå betre til felles beste for oss alle. Ein har òg som ambisjon at kvart Fjordting skal vedta å setja i gang eit overordna, større prosjekt regionen har nytte av. I 2021 vart plastryddeaksjonen i Hardangerfjorden vedteken, og som resultat av Fjordtinget i 2022 vart det sett i gang eit nytt prosjekt, «Reinare, rikare fjord og vassdrag i Hardanger», der Havforskningsinstituttet er prosjektadministratør. I 2022 var det om lag 130 deltakarar på konferansen.

I 2023 støtta me lokale lag, organisasjonar, arrangement og aktivitetar med vel 1,1 mill. NOK. Lingalaks bidrar også til samfunnet gjennom skattesetelen. Skattekostnad på resultat i årsrekneskapa var 66 mill. NOK i 2022 og har auka til 95 mill. NOK i 2023 som følgje av innføring av grunnrenteskatt på havbruk.

Konsumentar og sluttbrukarar

Me jobbar kvar dag for at sunn og frisk fisk skal verta god og berekraftig mat for konsumentane. Gjennom våre sertifiseringar har me jamlege møte med lokalbefolkning som vert påverka av vår drift.

Lingalaks har eige visningssenter, Lingalaks Akvasenter, som har to visningsanlegg, eitt i Kvam og eitt i Alver. Visningssenteret formidlar sakleg og faktoorientert informasjon til sluttbrukarar om havbruk og oppdrett, med særleg merksemd på korleis produksjonen og drifta har og må endra seg for å oppnå eit meir berekraftig havbruk.

FORRETNINGSETISKE FORHOLD (G)



Ansvarleg forretningspraksis

ETISKE FORHOLD

Alle som arbeider for eller representerer Lingalaks, har ansvar for å opptre i tråd med dei etiske retningslinjene og verdiane til selskapet, som er: Ærleg, framtidretta, kvalitet. Dei etiske retningslinjene

våre set rammer for korleis me opptre på vegne av selskapet og beskriv krav til forretningspraksis, og korleis tilsette skal forhalda seg til ulike etiske dilemma.

VARSLING AV KRITIKKVERDIGE FORHOLD

Lingalaks har reglar for varsling om kritikkverdige forhold, og for korleis slike forhold skal handterast. Å skapa eit klima der det er lov å reagere og å seia ifrå om forhold ein opplever som kritikkverdige er viktig for oss. Varslingsrutinar og diskusjo-

nar om moglege kritikkverdige forhold er drøfta i ulike personalmøte og vert tekne opp ved nyttilsetjingar. Det vart i 2023 oppretta ein ny varslingskanal gjennom tjenesta www.mittvarsel.no



Me skal forsynta verda med sunn kvalitetslaks frå Vestlandsfjordane gjennom dyrehald i verdensklasse, og sikra at flinke folk kan bu på fine plassar ein er glad i.

Erlend Haugarvoll - Eigar og styreleiar i Lingalaks AS





Det nye regelverket for berekraftsrapportering skal ikkje verta ein verdsmeisterskap i rapportering. Det skal hjelpa oss alle til å ta betre val, både i eigen produksjon og å velja å samarbeida med kundar og leverandørar som lever opp til dei verdiane og standardane ein sjølv set.